

Møre og Romsdal fylkeskommune

Ørsta vidaregåande skule

Årsmelding skoleåret 2025-26

Innhaldsliste

1. Rektor har ordet 2

2. Nøkkelopplysningar om skolen 4

2.1 Organisasjonen 4

2.2 Utdanningsprogram og elevtal 5

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1 6

3. Læringsmiljø 8

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga 8

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet 9

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad 10

4. Skoleårsresultat 11

4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring 11

4.2 Karaktersnitt 12

4.3 Fråvær 13

4.4 Elevar som har slutta 14

4.5 Overgangar 14

5. Leiing og profesjonsutvikling 15

1. Rektor har ordet

Ved Ørsta vidaregåande er vi glade for, og stolte over at så mange ungdomar ynskjer å ta utdanninga si hos oss. Vi hadde svært høgt elevtal også skuleåret 25-26. Skulen jobbar vidare med å realisere målsetjinga vår om å vere «tett på» eleven. Det er gjennom relasjonane mellom elev og tilsett intensjonane i opplæringslova vert oppfylt, og desse relasjonane må fungere. Vi er stolte av å sjå at vi i stor grad lukkast med oppdraget vårt. Den omstillinga vi gjorde for eit par-tre år sidan har bore frukter i høve økonomi, men samtidig ser vi at vi har det trongt i høve personalsituasjon, og at dette også kan gå utover kvalitet og utvikling. Trass tronge tider og stort arbeidspress ser vi at vi likevel kome oss gjennom året på ein bra måte. Vi ligg framleis høgt i høve gjennomføring, samanlikna med tal frå fylke og ikkje minst nasjonalt, og også skulemiljøet er stabilt godt. Vi trur at omstillingsarbeidet som no er gjort legg grunnlaget for sunn drift og god og auka kvalitet i tida framover.

Ørsta vidaregåande skule er også stolte over arbeidet vi har gjort knytt til etablering av Ressurssenteret for Søre Sunnmøre, som no er godt i gong. Frå oppstart februar 25, har vi no ein situasjon med over 100 vaksne elevar vi gir opplæring til. Vi synest også det er svært positivt at skulen no har fått større ansvar og ressursar knytt til formidling også for ordinære elevar. Vi er i arbeid med å utvikle dette, men trur det at skulen har fått dette oppdraget vil både gje gode resultat i høve formidling over til læreplass, men også gje synergiar inn mot kvaliteten på undervisningsarbeidet vårt. Vi er i ein region med eit svært aktivt og spennande næringsliv, og har eit tett og godt samarbeid med arbeidslivet. Men vi opplever no at arbeidet både med formidling, men også ressurssenterdrifta gir oss ei enno større kontaktflate, og forståing for kvarandre sine behov. Vi gler oss til framhaldet i utviklingsarbeidet.

Gjennom godt samarbeid og innsatsvilje frå alle tilsette ved skulen klarer vi bidra til samfunnsoppdraget på ein god måte, også i ei tid der vi har brukt mindre ressursar. det å førebu og hjelpe ungdom og vaksne ut i arbeidslivet opplever vi som ei svært meiningsfull oppgåve. Skulen har eit svært varierande elevgrunnlag, og mange med låge grunnskulepoeng og utfordringar frå tidlegare skuleerfaringar. Visjonen til skulen, *meistring gjennom aktivitet og utforsking,* er ei rettesnor for arbeid vårt, og våre tilsette har lagt til rette for mange suksesshistorier, og der vegen inn til arbeidslivet har lukkast, også når utgangspunktet har vore vanskeleg. Innimellom ser vi også at det kanskje ikkje er ordinær skule som er det beste tilbodet for eleven. Det å ha eit samarbeid med bedrifter, NAV og andre som hjelper oss bidra til det rette tilbodet for den enkelte elev er noko vi også har fått utvikla vidare, og som vi vil ha fokus på framover. Elevar som er tilknytta Ørsta vidaregåande skule skal oppleve rett tilrettelegging, slik at ein kjem vidare i livet på ein best mogleg måte.


Bjørnar Sæterås
Rektor

2. Nøkkelopplysningar om skolen

2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	63
Tal på årsverk i leiarstillingar	5,5
Tal på årsverk andre tilsette	6,5

Ved utgangen av skuleåret 25-26 er skulen leia av rektor, 3 pedagogiske avdelingsleiarar, leiar for ressurssenteret, og fagleiar administrasjon. Skulen har i tillegg 3 tilsette på kontoret med til saman 2,3 stillingar. Det pedagogiske personalet består av 6 lektorar, 40 adjunktar, 16 lærarar, 4 fagarbeidarar, 3 assistentar. Vi har fått midlar frå Opplæring i bedrift knytt til eit prosjekt i høve formidlingsarbeid, og har ein eigen prosjektleiar for dette. Personalet er fordelt mellom 49% menn og 51% kvinner.



2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Teknologi- og industrifag	61	45		106
Restaurant- og matfag	12	6		18
Helse- og oppvekstfag	46	44		90
Bygg- og anleggsteknikk	24	34		58
Elektro og datateknologi	36	22	10	68
Total	179	151	10	340

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	30

Bygg og anleggsteknikk: Vesentleg lavare tal enn tidlegare. Dette skuldast dels at vi har tatt inn fleire på førsteval på andre linjer, men også vesentleg færre primærsøkarar. Dette skuldast truleg at det er tronge tider i aktuelle næringar.

Elektro og datateknologi: Svært høg søknad i høve historiske tal. Vi hadde 25-26 ei ekstra klasse på vg1, totalt tre klasser. Skulen hadde elles 1 klasse i kvart av vg2 tilboda; Elenergi og Automatisering og 1 klasse på vg3 Automatiseringsfaget.

Helse- og oppvekstfag: Vi ligg mellom elevgrunnlag for 3 og 4 klasser. Skuleåret 25-26 var det ein del endringar tidleg på året, som gjorde at vi enda med 3 store klasser på vg1. Positivt at vi hadde nok søknad til igjen å tilby vg2 Helseservicefaget.
Restaurant- og matfag: 1 klasse på vg1 og ei lita klasse på vg2 Kokkefag. Positivt med litt oppgong frå året før på vg1.

Teknologi og industrifag: Svært god søking. På grunn av 6 klasser året før måtte vi auke med ei klasse på vg2. Sjølv om vi hadde søknad til det kunne vi hatt 6 klasser også vg1, men klarte det ikkje på grunn av kapasitetsproblem på bygget.

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1

2.3.1 Fordeling grunnskolepoengintervall vg1, prosent

Poengsum	Ørsta vgs 2024-25	Ørsta vgs 2025-26	Fylket 2025-26
0 eller ingen	9,8%	11,2%	11,4%
0 – 25	4,1%	6,1%	2,7%
25 - 30	7,7%	6,7%	4,7%
30 - 35	14,4%	11,2%	11,1%
35 - 40	26,8%	21,2%	16,8%
40 - 45	21,1%	24,6%	22,3%
45 - 50	10,8%	16,2%	17,9%
Over 50	5,2%	2,8%	13,0%

2.3.2 Grunnskolepoeng vg1 – utvikling over tid

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Ørsta vgs	39,8	38,3	36,6	37,7	38,3
Fylket	42,2	42,5	41,3	41,1	41,3

2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Generelt har skulen god søknad, og fleire elevar enn tidlegare. Som det går fram av tala ovanfor hadde skulen også 25-26 mange elevar med låg karakterpoengsum frå ungdomskule. Vi er ein rein yrkesfagleg skule, og meiner det er viktig at vi gir plass til elevar som ikkje har opplevd den teoretiske delen av ungdomsskulen som motiverande. Det er såleis viktig at inntaksgrensene våre ikkje er for høge, og vi har tradisjon for å strekke oss langt for å gje eit tilbod til ungdomar som ynskjer plass hos oss. På enkelte programområde, til dømes Teknologi- og industrifag, har det blitt vanskelegare å kome inn siste åra. Dette er eit tilbod som både er etterspurt frå elevar, men også eit område der elevane klarer å kome seg vidare frå inn i arbeidslivet. Vi er uroa for ungdomar som no ikkje får oppfylt ynskja sine, men slit med å auke kapasitet ytterlegare på dette området. Ei anna utfordring vi ser er at ein del inntatte elevar har låge norskkunnskapar. Dette kan verte krevjande, særleg når ein skal få på plass eit fagspråk eller snakke med kundar/brukarar.

Trass svært stor variasjon i elevane som kjem inn, opplever vi likevel at ein svært stor del av elevane våre lukkast, og kjem seg vidare til arbeidslivet. Vi opplever ein stor vilje blant alle tilsette for gje alle elevar eit best mogleg tilbod, og også mest mogleg tilpassa opplæring. Vi har også eit tett og godt samarbeid med arbeidslivet i regionen, noko som også bidreg positivt til at vi får til gode tilbod til elevane våre.

3. Læringsmiljø

Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Dersom vi samanlikna tala frå Elevundersøkinga 25-26 med fylkessnitt ser vi at vi på dei fleste av indikatorane ligg likt med snitt. Skuleåret 24-25 låg vg1 litt under på ein del av indikatorane i høve tidlegare år, men dette ser vi har betra seg. Men dei som no går vg2 indikerer tilsvarande litt dårlegare trivsel, også dette året. Vi tek desse signala på alvor, men knyter dei også til ei viss grad til ein situasjon der vi har færre tilsette, og færre som kan jobbe med elevane på skulen. Vi trur nok at noko også kan forklarast med høg søknad på enkelte områder, og at ein god del av elevane våre ikkje har kome inn på sitt førsteval. Denne gruppa har siste åra vore større enn åra før. Samtidig må vi også arbeide med kvalitet i arbeidet vårt, og vil også vidare framover ha fleire tema som satsing i skulen sin handlingsplan, til dømes knytt til vurderingskultur, og men også generelt på kvalitet i undervisning.

Skuleåret 24-25 opplevde fleire seg utsett for mobbing. Skuleåret 25-26 er talet på vg1 nede på svært lavt nivå igjen, 3,8%. Det er positivt å sjå at arbeidet vi gjer kan sjå ut til å fungere. Samtidig er vi også bevisst på at dette igjen kan endre seg. Men alt i alt opplevde vi at skuleåret var totalt sett bra i høve læringsmiljø, med nokre få krevjande unntak som vi arbeidde mykje med.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-4 i opplæringslova	5
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 12-7 i opplæringslova	0

Skulen har eit stort fokus på læringsmiljø, og vi brukar VIP programmet aktivt, både gjennom makkerskap ved oppstart, men også gjennom VIP-veke (VIP Snakk om det). Kontaktlæraren er sentral, og skulen har også styrka kontaktlærarrolla gjennom tidsressurspotten. Samtidig har vi saker mellom elevar som er krevjande, og som SIM-teamet har vore tett påkopla. Avdelingsleiar er sentral i læringsmiljøsaker på si avdeling, saman med rådgjevarar som støttar i alvorlege saker. I tillegg til dei 5 aktivitetsplanane etter §12-4, hadde vi 6 §12-4 saker som var behandla i SIM-teamet, men som vart avslutta utan behov for aktivitetsplan. Skuleåret 25-26 hadde vi også 1 enkeltvedtak etter §12-6 i opplæringslova. Det vart gjennomført 4 overordna møter i SIM-teamet der leiing og rådgjevar var med, og der system og rutinar for eit trygt og godt læringsmiljø var på agendaen, i tillegg til drøfting og rettleiing i pågåande saker. Det vart også utarbeidd nye rutinar for arbeidet, som skal implementerast skuleåret 2026-2027, og som no ligg inne i skulen sin Pedagogiske vegvisar. Her har vi samla alle aktivitetar vi har knytt til læringsmiljøet, og laga prosedyrar for kva vi gjer når vi får meldingar om utrygt læringsmiljø. Her er også rutinar for opplæring av personale knytt til den enkelte si plikt til å melde i frå. Vi vil skuleåret 2026-2027 halde fram med faste møter i SIM-teamet, der system og rutinar for arbeidet står i knytt til å sikre eit trygt og godt læringsmiljø for alle elevar.

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	15
Møter i skoleutval	3

Det har vore utfordrande å få til kontinuitet i arbeidet, med nye som kjem inn i elevrådsstyre kvar haust, og det tek tid før dei som vert valde i elevrådsstyre kjem i aktivt arbeid. Vi har jobba med å finne ei organisering som gjer at det er lettare med overlapping av gamle og nye medlemmer at elevrådet. Vi opplever at vi delvis fekk til dette skuleåret 25-26, med ein engasjert elevrådsleiar. Vi vil arbeide vidare med å utvikle elevrådsarbeidet. Våren 26 vart det lagt eit godt grunnlag frå avtroppande styre til nytt styre. Vi har også etablert avdelingsråd, der det vert tettare kontakt mellom avdelingsleiarar og elevrådsrepresentantar. I desse foruma er det også lettare å få opp saker som går på læringsmiljøet i klassene. Vi ynskjer halde fram styrke og utvikle måten vi arbeider på, til dømes gjennom å sterkare styre innhald i møta inn mot læringsmiljøsaker.

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2025-26, prosent	90,9%

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Bygg- og anleggsteknikk	79,2%	97,1%		89,7%
Elektro og datateknologi	100%	95,5%	80,0%	95,6%
Helse- og oppvekstfag	82,6%	95,5%		88,9%
Restaurant- og matfag	75,0%	83,3%		77,8%
Teknologi- og industrifag	91,8%	93,3%		92,5%
Total	88,3%	94,7%	80,0%	90,9%

4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Ørsta vgs	91,1%	91,0%	93,4%	90,5%	90,9%
Fylket	91,5%	90,9%	90,7%	89,7%	88,0%

4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Vi ligg stabilt bra på gjennomføringstal, trass nedskjeringar og reduserte ressursar. Vi arbeider vidare med dei føresetnadane vi har, og gjer analysearbeid på kvar utfordringane ligg. Vi har arbeidd med korleis sikre enno betre rutinar for å fange opp elevar som har utfordringar. Mellom anna gjennom måten leiinga arbeider på, men vil også opprette eit eige nærversteam med eit spesielt fokus på elevar som har utfordringar knytt til fråvære.

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Bygg- og anleggsteknikk	3,88
Elektro og datateknologi	4,26
Helse- og oppvekstfag	4,38
Restaurant- og matfag	3,81
Teknologi- og industrifag	4,08
Total	4,15

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Ørsta vgs	4,20	4,11	4,09	4,00	4,15
Fylket	4,24	4,21	4,21	4,19	4,21

4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Karaktersnittet dei siste fem åra har vore rimeleg stabilt. Vi ser også at karakterane betrar seg gjennom vidaregåande, samanlikna med inntak frå ungdomsskulen. Når vi samanliknar mellom ulike programområde ser vi at karakterar heng saman med inntakspoeng. Vi erfarer elles at karakternivået når ein samanliknar eksamen og standpunkt står seg godt i høve kvarandre. Det er viktig å halde ein kontinuerleg diskusjon rundt vurdering og karaktersetjing, noko vi også framover vil gjere.

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt	6,6	14,5	4,9%
Vg1	6,4	14,0	4,8%
Vg2	7,0	12,8	5,0%
Vg3	3,4	46,5	6,5%

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Ørsta vgs	3,7%	6,1%	6,7%	6,8%	4,9%
Fylket	2,7%	6,5%	6,9%	7,7%	6,3%

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Dei seinare åra er det arbeida bevisst på å få elevane til både å møte opp, verte på skulen og bestå. Auka gjennomføring har vore ein raud tråd i skulen sitt arbeid. Skuleåret 25-26 har vi noko lavare fråvær enn tidlegare, dette er gledeleg. Samtidig er fråvær noko vi må arbeide vidare med, gjennom å vere tett på eleven, og også arbeide med kva rutinar vi har på oppfølging av elevar med høgt fråvær. Vi arbeider vidare med korleis følgje opp elevar med høgt fråvær. For skuleåret 26-27 vil vi også prøve å etablere eit eige nærværsteam ved skulen.

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2025-26

Prosent	Tal
5,3%	18

4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Ørsta vgs	4,1%	2,9%	3,8%	3,7%	5,3%
Fylket	3,1%	3,1%	3,1%	3,0%	3,1%

4.5 Overgangar

Skulen har eit stort fokus på å lage gode overgangar, og brukar mykje ressursar på dette. Dette er også noko vi vil satse på framover. Det å få til ein god overgang er avgjerande i høve nærvær og fullføring. Vi har også eit auka fokus på overgang mellom skule og arbeidsliv. Vi trur midlane skulen får til arbeid med formidling vil påverke heile skulen positivt, slik at elevane lukkast med å kome seg ut i arbeidslivet. Gjennom prosjektmidlar knytt til Samfunnskontrakten arbeider vi vidare med revisjon og utvikling av korleis vi arbeider med overgangar i skulen. Arbeidet i YFF-faget har eit ekstra fokus her, og vi set jamt av tid til å arbeide med innhaldet i dette viktige overgangsfaget.

5. Leiing og profesjonsutvikling

Skuleåret 25-26 har vore eit skuleår framleis litt prega av omstilling og omorganisering i leiing, i tillegg til arbeid knytt til etableringa av Ressurssenteret for vidaregåande vaksenopplæring. Samtidig har vi også prøvd halde fokus på utvikling av organisasjonen, til dømes gjennom nye møtestrukturarar og måtar å arbeide på i fellestida vår, til dømes det vi har valt å kalle læringsmiljømøter. Fokus er framleis på å arbeide godt i relasjonen mellom tilsette og elevane, det er læringsarbeidet som skjer i desse møta som er det mest sentrale i skuledrifta. Skal vi gjere noko med overgangar, læringsmiljø og fagleg læringsutbytte må elevane oppleve tilsette som møter med dei på ein måte som gjer at eleven utviklar seg. Dei andre på funksjonane på skulen må fasilitere dette, gjennom god oppfølging frå leiinga si side. Leiinga prøver å vere direkte og «tett på». Leiingsressursar har vorte redusert og samla på færre, for å effektivisere men også lage tydlegare ansvarslinjer i organisasjonen. Det er no avdelingsleiarar som har heile ansvaret for sine områder. Leiinga møtast to gongar i veka. Det er lett for at kortsiktige oppgåver må prioriterast i møta, men vi har prøvd å setje av det eine møtet til meir pedagogisk fokus og utvikling. Vi synest vi i periodar har lukkast bra med dette, og prøver halde fokus på evaluering og forbetring av organisasjonen. Samtidig opplever vi også å vere relativt pressa på arbeidskapasitet, og må kanskje justere dette noko framover. Men samarbeidet på skulen, internt i leiing, men også mot organisasjonar fungerer bra. Vi hadde skuleåret 25-26 også MTM undersøking. Denne stadfesta at mykje fungerer godt ved skulen, men avdekte også områder vi har eit utviklingspotensiale på. Dette vil vi ta med oss også inn i nytt skuleår.

Vi har også arbeidd vidare med oppdragsavtale og utvikling av ein mest mogleg konkret handlingsplan, som også kan vere målbar. Vi opplever også at elevtenestene har utvikla seg på ein god måte, trass at vi har brukt mindre ressursar også på dette området samanlikna med tidlegare.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no